

# Tilrår ikkje utbygging



**SEIER NEI:** Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon for overføring av Vestsideelvane. På biletet renn Røykjedøla til møte med Krundøla. (Arkivfoto)

## LUSTER: Rådmannen i Luster tilrår ikkje kraftutbygging i Jostedal og Vigdalen.

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon for overføring av Vestsideelvane, heving av Tunsbergdalsdammen og utbygging av Vigdøla kraftverk.

### - Ikkje god nok

Rådmannen sine vurderingar munnar ut i ein konklusjon om at Statkraft ikkje bør få konsesjon for dei omsøkte utbyggingane.

I den prosessen og dei forhandlingane communeleiringa har hatt med Statkraft har kommunen kome med eit framlegg til ein utbyggingsavtale. Denne har Statkraft ikkje kunne akseptera. Statkraft har på si side tilbode kommunen ein avtale med eit anna innhald. Rådmannen vurderer denne avtalen som ikkje god nok – ut frå ei samla vurdering, heiter det på nett-sida til kommunen.

Formannskapet hand-samar saka i møte 12. oktober, og kommunestyret tysdag 18. oktober.

### Høyring

Søknadene frå Statkraft har lege ute til høyring frå mai til medio august 2011. Høyningsfristen var først sett til 15. august, men Luster kommune fekk utsett fristen til 25. september for å tilpassa saka til første kommunestyremøte etter ferien. Seinare fekk kommunen ytterlegare utsetjing til 20. oktober mellom anna for at ein skulle kunna fanga opp andre sine innspel i saka.

I høyningsperioden arrangerte Statkraft og NVE folkemøte på utbyggings-sakene i Jostedalen.

### Krevjande jobb

Etter ønskje frå formannskapet har forhandlings-utvalet til kommunen, som har bestått av ordføraren og to andre frå formannskapet, saman med administrasjonen og advokaten som kommunen har knytt til seg i saka, arbeidd for å få til ein utbyggingsavtale med Statkraft.

– Prosessen med å få til ein utbyggingsavtale har vore krevjande som følgje av at det undervegs har vore uklårt om Statkraft ville tilby Luster kommune ein slik avtale. Dei signala selskapet kom med på eit første innleiande møte 19. november i 2010, vart av communeleiringa oppfatta slik at ein ikkje var innstilt på å tilby ein utbyggingsavtale. På eit møte 8. juni, tidleg i høyningsfasen, vart det derimot uttrykt at ein var open for å drøfta ein slik avtale – sjølv sagt innanfor visse rammer. Dette «skiftet» gjorde sitt til at kommunen sitt politiske forhandlings-utval ikkje har fått arbeidd kontinuerleg med saka, skriv sakshandsamar i kommunen, landbruksjef Steinulf Skjerdal.

Mariann Skau

mariann@sognavis.no

Nytt norsk UFO nettsted:  
**<http://ufologi.net>**